


SUNNHORDLAND



1958

SUNNHORDLAND

Tidsskrift

Skriftstyrar: Kristofer Sydnes

BAND XXXIX

1958

Utgjevar:
Sunnhordland Folkemuseum og Sogelag

Bygdeskikker i oldemors dager i Kvinnherad.

Bygdeskjikkane var rytmisk tidfeste i våre fedres tid. Alt hadde sine faste tider og sine visse skikkar. Året var inndelt halvår, fjerdingår som var nemnde med t.d. Vårfrumesse (uttale vofremess) Jonsok Mikkelsmesse (mikjelsmyss) og Jol. Så var der Kyndelsmesse (Kjyndesmyss) Sumarmål 14. april Larsokk 10 august Helgemyss 2. November o.fl.

Um vinteren var det å lage istand gamalt og nytt som trengdes på garden. Kvinnene med rokk og karder på førejolsvinteren. Opp tidleg um morgonen ei snelde tråd på rokken før enn det var fjostid og fjostida var som regel kl. 6. Det måtte vere ferdig alt garn til vevinga som tok til etter jol, varp og veft (renning og innslag). Etter jol kom vevstolen opp og då var det etter størrelsen av huslyden kor lange vevene måtte vere frå 40 til 60 alner. So var det ikkje berre ein men fleire slike. Det var både til kar og kvende som skulde ha både utanpåklæde og underklæde. Det var vendevadsmål til karfolket og strengevadsmål til kjolety og underklæde. Ungane hadde arbeid med å spole. Det var ogso ein kunst å lage fine og gode spolar. Til Påske måtte vevstolen vere ute av huset for då var det ei stor helg, og so kom våren og utearbeidet (Vidno), vårvinna. Attåt alt gangklædetyet so var det sengklaede som måtte haldes vedlike med kvitlar (ullteppe) og åklæde. På kvar seng var det til vinterbruk minst tvo åklæder og ein kvitel under og ein oppå, så når ein huslyd som då oftast var opptil 12 14 born og so gjerne tvo vilkårsfolk og far og mor, budeie, gjætlegut og gardsdrenge, so kan ein få ein tanke um kva som var å gjere. Vadmålet vart sendt til

stamparane og bygdefargaren. Han stelte det då med far-ge og krymping og pressing so det vart fine blanke utanpå-klæde som var husmora si æra. Til kyrkjebruk måtte ein vera i pussen. Det var teikn på orden og velstand når dei hadde serskilt kyrkjeklæde. Når vårvinna kom, so var det alle karar og kvende store og små ut på åkeren.

Påskehelga var dei strenge med å helga. Det var den stille vika. Der vart ikkje stort arbeid dei dagane. Skjær-torsdag og langfredag var heilage. Påskeafta vart ikkje meire arbeid enn å stella til mat og vaske golv. Der var halde helg 3 påskedagar. Ingen måtte arbeide 3dje dag utenum å stelle i fjosen. Det same var ogso i «Pinsen» (Pinsti) og helgatorsdag.

Når såden var unnagjort, so var det på kverna og male resten av kornet og så bake. Då sat 2 til 3 kvinner gjerne 4 dager og bakte. Det var havreflatbraud og so lefser av helst rug eller blanding. Der måtte vere mat på stabburet til utearbeidet tok til for alvor med innhaustinga. (Dei gjekk ikkje til kræmardisken etter maten i dei dagar).

Gjævast var den husmora som hadde flest tjug med flatbraud og lefser på staburet. Ein kjenner til sogå um friaren og staburslykjelen. Den gjenta som spann finaste tråden og bakte tunnaste flatbrødet fekk gjævaste friaren. Dei talde leivane. og då rekna dei i tjug. Der var seks tjug i et stort hundrad (120). Høgtider som brudlauf, gravferder og barnedåp (barsel) var etter nedervde skikkar. Kvar som skulle vere med fekk personleg innbjoding. Det var ei stor æra å vere belamann (gå med innbjoding). Bygda var inndelt i visse grender som vart strengt fylgde. Til gravferder var det kona og mann både dei gamle og unge ektefolket på alle gardane som høyrde til grenda som vart bedne. Dei næraste vart bedne alle i huset. Til å stjorne maten var det då bedne det dei kalte kleivakoner. Innan for desse var det gjerne tvo som hadde større ansvar enn dei andre. Dei bedne bringa med seg fodne. Det var anten sukkerkringle eller fodnebrød. Ein gardbrukar fodna 1 dalar verdt, ein husmann og strandsitjar 1 ort (80 øre). Når festen var over, fekk gjestene som hadde

fodna med seg heimatt, fodnemat (atti plagget). Det var eit stort ansvar med å lage til etlingane som skulle att i plagget og det var då desse tvo konene som hadde det store ansvar. Det var lett å få seg uvener um det ikkje var etla slik at mottakaren fekk inntrykk av det som han fekk att, synte vyrdnad for vedkomande. I bryllaup sovel som i barsel var der ofring til presten og klokkaren. Var det velstandsfolk so fekk dei stort offer. Derav ordtaket: «når det regnar på presten så dryp det på klokkaren». Her er ei gamal soge frå ei bygd i Kvinnherad: Brurfolket hadde lite av denne verdens gods, og soknepresten vilde då ikkje vigje dei med brurpreik uten trygd for han fekk 5 dalar. Grannane fekk kjennskap til dette, og eit par av dei leidande i granneskapet fekk då grendefolket med seg på ei avtale slik at dei møtte i brudferden. Når presten såg alle desse velståande bøndene i brudefylgjet, vart han i godlag og vigde med fynd og klem og heldt ein fin brude-tale. Fylgjet gjekk rundt altaret og dalarne hauga seg opp på altarbordet. Når seremonien var over, gjekk desse tvo leidarane fram og talde opp dei 5 dalar som presten hadde forlangt og sa: Her har du ditt, og resten gav dei over til brudgomen. Presten måtte gå med sine 5 dalar. Ja, dette er ei soge som er fortald frå den tid.

Festmaten var nok ikkje blautkaker, men dei hadde både mykje og god mat. Frukosten var råuddravle, lutefisk, braud og lefse og kaffi. Middagen var sodd. Det var kjøt kokt med poteter og rotfrukter. Den var i store fat og alle åt av same fat. Gaflar var ikkje brukt, so ein tok kjøtet med hendene. Det var nok dei som var nedi fatet med fingrane og. Skeiene var av honn eller tre. Kveldsmaten var graut, rjomegraut, som oftast vart eten langt fram på nat-ta. I barsel var det fodna med graut i ambarar som var anten rosemåla eller svidde roser på. Den vart servert oftast millom middag og nonsmaten. Det var då ei tevling kven som hadde den beste grauten. Smør og rosiner og kjeks oppå. Største helga i året var då som no jolehelga. Då var det eit stort strev serleg for kvenfolka å ha alt ferdig til kyr-kjeklokkene ryngde inn helga. Alle klæde var heimelaga

sovel som mest all maten. So var det vask i huset. Golva vart kvitskura med sand, og det var husmora si æra at golvet var kvitaste hjå henne framom grannen. So fekk husdyra ekstrastell. Matrasjonen vart gjerne større og ei ekstra mjølklype. (Bestemor mi hadde ei klype med kandissukker i kvar av kukjeftane og til hesten ein ekstraklem den kvelden). Vi vil nok dra på smilebandet åt dette i vår moderne tid, men eg har tenkt over det og funne at det hadde større verd enn ein kanskje anar. Det løyste ut noko av det rikaste i sjelelivet hjå ein sjølve, dette å vere god mot folk og fe. Det siste husfaren gjorde før han gjekk til ro, var å stryke korsets teikn på dørene på garden. Det var nok ein nedervd heidensk overlevering frå overtru om vonde vetter, nisser og troll, men likevel det var krossen som skulle berge frå deim. Krossen, Jesu kross som er berginga ogso i vår tid. På ei stabursdør i ei bygd i Kvinnherad er so mange slike krossar at den er mest overmåla utvendig og innvendig. Den står som eit minne um fedrane skikkar i oldemors dagar. På same staburet ligg der fleire bjørneskallar av bjørnar som er skotne av bygdefolket — av bonden på garden.

Stovehusa på ein gard i den tid var som oftast det ein kalla røykstover tekt med never og torv. Det stod seg av ei romsleg stove gjerne 8 — 9 alner i firkant med ljore i mønet og glas fremst på solsida. Rondabjelke med skorstein som stod på rondabjelken inne i stova. Der var heiseinnretning for ljoren til å opne. Kakkelommen i eine kråa. I omskråa hadde ein eit større lager av ved. Der var ogso rjomeholken sin plass. Nedst på langveggen var hengt ei hylle eller skåp der det var plass til mjølkekoller, mat o.l. Øvst på bakerste langvegg var husbondsfolka si seng. Under senga var sengbenken som um dagen var under men um natta var den ibruk framanfor senga der dei mindre borna hadde sitt senglæger. I andre enden av våningen var der kove. Eit mindre kammers og på motsett sida var inngangen utafra. Etter at det vart vanleg med glas, vart der på kvar gard ei mindre stove oppført med loft, gjerne ogso i tvo høgder. Dette vart kalla bua.

Det var stasuset på garden. Der var gjesteseng og só staden der ein hengde besteklæda. Seinare vart denne bua oppført i eine enden av våningen så der var ei røykstove og resten lemstove og bar namnet buo. Dette lever på folkemunne hjå dei eldre i bygdene den dag i dag. Nevertaka kunne vere leide ofte til å ta inn vatn. Serleg etter ein varm sumar då nevera gisna, og då haustregnet kom, var det ofte leide tider med dropar frå taket, elles var dei varme og heldt på omsvarmen. Etter at ein tok til å gå over til lemstover, var det sume som ikkje våga å ta steget heilt ut, men hadde stover med halv lem. Der var då trappeoppgang inne i stova. Troppa vart då heist opp med dagen og ned til kvelden når ungdomen som hadde soverom på loftet, skulle gå til ro. Det var ein praktisk innretning sett frå gamlingene si side, for ungjentene var i trygg varetekt nattetider, då uvedkomande måtte passere stova der husbondsfolket sov, um nokon hadde ekstraærend på loftet. Seinare vart dette umvøla slik at der vart lem over heile huset. I dei hus var det kjøken med open gruve til å koke og bake i. På våre kantar er desse torvtekte husa borte no. Det er mest eit sersyn å finne dei. Men ute ved øygarden og på Sunnmøre finst dei ikkje so få våningar og uthus og nokso almindeleg på naust. På sæterhusa var det alltid never. Det var av praktiske grunnar då transport av andre tekkjingstilfang var tungvint å få fram, men bjørkeskogen stod attved. Dette har då den ulempe at no då sætrane ikkje er ibruk og tilsynet slurvast med, so går dei tilgrunne og dett ned. Ja, dette var ein gløtt i fortida med minner som eg har frå barneåra.

A. T. Myklebust.